

ÅRSMELDING STALHEIM LANDSKAPSPARK - 2008.

Styret har vore samansett slik: Leif Inge Hauge	Leiar
Terje Jordalen	Kasserar
Randi E. Eide	Skrivar
Ingrid Tønneberg	Støttegruppa
Erling Brandseth	”
Rune Midttun	”
Per Anders Tveite	”
Lars Arne Hemre	”
Morten Samskot	Varamenn
Terje Nordanger	”

Årsmøte vart halde 21. feb. 2008.

Det har vore gjennomført 12 styremøter.

Annakvar mandag i haust har det vore arbeidsmøter/idemyldring i landskapspleiegruppa.

Gudmund Furu har vore tilsett som prosjektleiar.

Saker me vil nemna:

1. – 2. feb. var 4 repr. på landskapspark samling i Ulvik.
 3. mars vegmøte med Statens Vegvesen om rydding og skilting.
 7. mars møte i landskapsparkane på Evanger 2 repr. frå SL .
- Laga til studiemateriell til studieringar, men lite oppslutnad om dette.
23. -24. april kurs i stirydding Herand, Anders og Nils-Ingvar deltok.
 14. mai møte med Statens Vegvesen (Voss) møte om Nasjonal turistvegprosjekt.
 25. mai Sivle Streif avvikla, ca. 50 deltakara, nydeleg vær og greit avvikla.
- Utlyst navnekonkurranse om aktivitetshelg, navn : **VERDSARVVEITLA**

Verdsarvveitla vart avvikla 29. – 31. aug.

Fredag 29/8: Middag, dans og program ved Linda Eide og revyngjengen på Sivle Gard.

Meny: Heilgrilla lam, m/lokale råvarer til. Vellukka kveld ca. 51 pers.

Laurdag 30/8: Avduking av steinen som fortel om Unesco området, og dei nye turstiskilta som er sett opp på Stalheim v/ Ordførar Gunn Berit Lunde Årvik.

Etterpå tur til Naole, med innlagt stopp der Birger Hylland fortalte.

Servering av spekjemat, potetsalat og heimebakt flatbrød, som var klyvja ut på førehand.

Spekjemat var sponsa av Voss Kjøtindustri AS, drikka - juice og mjølk var sponsa av Tine.

Om ettermiddagen vart Stalheimskleiva Opp avvikla, det stilte 55 i konkurranseklassen, og 70 i trimklassen. Vinnar: Jon Tvedt med tida 9,04 , eldste deltakar Bjarne Stavenes 90 år.

Alle fekk t-skjorter som deltakarpremie. Dei 3 beste i kvar klasse fekk premiering.

Kommunerepr. vart utfordra til å delta, Voss kommune fekk fyrste napp i Kommune-plaketten Flott avvikla, fint vær, mykje publikum !

Sundag 31/8: Kongevegmarsjen frå Haugsvik til Stalheim, ca. 110 deltakara. Flott tilskiping, der mange lokale aktørar deltok med forteljning og program undervegs.

Tidsskjema heldt ikkje, så det vart litt lite tid på Stalheim Museum.

På Stalheim fekk me servert, betasuppe, spekjemat, potetsalat og flatbrød.

Oppheim og Hauge Bygdekvinnelag synte fram gamle handverkstradisjonar: flatbrødbaking, karding/spinning, strikking, sliping m/ slipestein, lagging av treive.

Rune Midttun - ølbrygging.

Oppsummering: Ei sers vellukka aktivitetshelg.

5. sept. 2 repr. var tilstades på seminar om Verdifulle Kulturlandskap som ressurs i Herand.

24. okt. Møte m/ Verdsarvparken på Sivle, 4 repr. frå SL

2. des. 4 repr. var tilstades på Kulturarv-seminar i Flåm

3. des. Møte m/ Repr. frå Verdsarvparken,riksantikvar,kulturminnefond på Sivle

Styret vil få takka alle som har vore med å hjelpt til i 2008. TUSEN TAKK !